



Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Vår referanse  
19/878 20/4171

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Bernt Brandal

Dato  
06.04.2020

## **Brandal Fiskerihamn – Konklusjonar i sak om avhending**

Vi syner til omfattande korrespondanse og siste brev frå Kystverket datert 02.04.2020.

Hareid kommune har notert at Kystverket ynskjer endeleg avklaring, og vi har forstått at alle relevante dokument er oversende. I eigne arkiv har vi granska historikken i prosessane og korleis grunnspørsmåla er handsama. Grunnlaget for ein konklusjon bør såleis vere til stades.

Som nemnt tidlegare var det ei klar ansvarsdeling mellom Kystverket og Hareid kommune ved siste utbygginga i 1986-87. Kystverket stod for alt arbeid medan kommunen hadde ansvaret for alle grunneigaravtalar med omsyn til uttak av stein, areal til møteplassar og forsterking av veg og bru i tillegg til innløyising av alt landareal og grunnrettar i Brandal hamn. Reguleringsarbeidet for hamneområdet var det sjølv sagt også kommunen som stod for. Prosessen med innløyising av areal og grunneigarrettar heldt fram i tida etter at sjølv moloane var ferdige. Forhandlingane var vanskelege med krav frå grunneigarar som var problematiske for kommunen. Sjølv om det kunne reisast sak om oreigning såg kommunen det som ein lite tenleg veg å gå. Resultatet er i alle fall at kommunen sit på ein vesentleg del av eigedomane og strandrettane i hamneområdet. Samstundes er det eit faktum at alle rettार ikkje er innløyste, og at nokre private eigarar har alle rettार intakte. Men gjennom åra har dette likevel fungert godt fordi alle var glade for å få ei god hamn med status som fiskerihamn.

Først den dagen Kystverket melde om avhending av Brandal fiskerihamn fekk vi ein lite oversiktleg og problematisk situasjon. Vi treng ikkje repetere all korrespondansen, men vi er truleg samde om at vi har fått avdekka realitetane i saka.

Hareid kommune bør på nytt vurdere å løyse inn dei resterande private rettane i hamna. Tidene har endra seg, og det har vore eigarskifte på desse eigedomane. Dersom det ordnar seg med frivillige avtalar kan alle hamnerettane kome i kommunal eige. Då bør det vere både fornuftig og enkelt å matrikulere all grunn, også sjølv moloane.

Dersom kommunen ikkje løyser inn dei private rettane bør det også vurderast å matrikulere all grunn med moloar. Grensene for strandrettar med utfyllingsrettar kan avklarast mellom kommunen og private rettshavarar. Når det er gjort bør det vere ei relativt enkel sak å matrikulere grunnen i samarbeid med kartverket. Ved matrikulering får ein formalitetane i orden for ettertida og ein slepp å reise tvil om rettार og eigarskap.

Fordi Brandal hamn er ei fiskerihamn som framleis er under statleg forvaltning, bør det truleg tinglysast hefte på moloane om dette. Den som har ansvaret for forvaltning, sikring, inspeksjonar og reparasjonar skal sjølvstilt ha rett til tilkomst og transport av turvande masser og utstyr. Her må Kystverket konsulterast dersom fylkeskommunen ikkje har teke over forvaltinga før den tid.

Grunnlaget for å matrikulere moloane er sjølvstilt strandrettane til kommunen og dei private eigarane som ikkje har fråskrive seg rettar. Utfyllingsretten er ein slik strandrett.

Tidlegare kystdirektør Per Jan Osdal har slege fast dette:

***Moloen blir i utgangspunktet en del av den grunneiendommen som moloen legges på, eller fylles ut fra.***

- og vidare:

***Dersom det er en annen eier til mologrunnen enn den som skal være moloeier, må mologrunnen evt. fradeles og overskjøtes til fremtidig moloeier (dvs. som egen grunneiendom med eget gårds- og bruksnummer).***

For Brandal hamn syner vi til Kystverket sitt brev av 12.02.2020. Brevet kom i ny sending 02.04.2020 fordi Kystverket truleg trudde kommunen ikkje hadde lese det grundig nok. Dette er no gjort. Vi har merka oss dette avsnittet:

***Vedr. spørsmål 6,7 og 8:***

***Kystverket har ikke påberopt seg eiendomsrett til grunn verken på land eller sjø. Det vises imidlertid til svaret ovenfor vedrørende spørsmål 5. Kystverket har bruksrett til mologrunnen.***

Dette stadfestar at Kystverket ikkje eig noko grunn, og eventuell bruksrett til grunn vil Kystverket avhende. Vi får då heimfall av bruksrett fordi han ikkje er omsetteleg og formålet fell bort. Men Kystverket får sjølvstilt ei utfordring med avhending av forvaltaransvaret.

Vegen vidare synest altså rimeleg klar. Men dersom Kystverket ikkje er samde i gjennomføring av ein slik prosess er det sjølvstilt fullt høve til å kome med innspel undervegs, eventuelt reise sak mot Hareid kommune. Men det er ynskjeleg at all skriftleg kommunikasjon heretter går i kopi til Samferdselsdepartementet.

Med helsing

Bernt Brandal  
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur(

Kopi til

Bernt Brandal

Samferdselsdepartementet

Postboks 8010 DEP

0030

OSLO